


# På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. Bødker



## Bli med til Wallemtunet!

**24-26. mai er det tid for httetur med heile kyrkjelyden.**



Wallemtunet ligg i solhellinga like før NAF'en på Kvamskogen, og har gode senger med dyner og puter til alle. Det er Bergen Søndagsskulekrets som eig Wallemtunet.

Ungdommane reiser oppover på fredag og så kjem alle me an-

dre opp til ferdig lunsj kl.13 på laurdag!

Me vil ha ei triveleg helg saman og håpar at det er mange som kan vera med! Det skulle vera noko for alle – små og store, unge og gamle.

Me skal kosa oss, syngja og

prata saman, ha leik og moro, få god mat og sjølvsagt ha samlingar der Guds ord står i sentrum. Så håpar me jo at sommaren må vera komen til då, slik at me kan vera mykje ute og kanskje gå turar i det fine terrenget der oppe.

Vegen frå Samnanger og opp til Kvamskogen er kort, så dersom du vil vera med på samveret der oppe, men ikkje overnatta, så går det sjølvsagt fint og.

Me avsluttar turen kl. halv fem på sundag - tidsnok til å rekka gudstenesta på Haga kl. 18.00 for dei som vil.

Prisen er kr 300 for vaksen og 150 for born. Born under 3 år er gratis.

Me må ha påmeldinga innan 16. mai til kyrkjekontoret 56589010, eller epost: post@samnanger.kyrkja.no eller SMS: 90675618.

**BLI MED, DÅ VEL!**

*Helsing Samnanger sokneråd*

### kyrkjekalenderen

#### Mai

Tors.9. kl. 17.00 - Tysse Misjonsfest/ fellessamling

Søn.12. kl. 11.00 - Haga Gudsteneste  
Liturg: Inge Aasgaard  
Pred: Svein Høysæter

Fre.17. kl.15.15 - Ådland 17.mai-gudsteneste

Søn.19. kl. 11.00 - Ådland Høgtidsgudsteneste pinsedag m/ nattverd

24.-26. mai - Wallemtunet Kyrkjelydshelg

Søn.26. kl. 18.00 - Haga Gudsteneste Nattverd Søndagsskule

#### Juni

Søn.2. kl. 11.00 - Ådland Familiegudsteneste Dåp Grilling etter gudstenesta

Søn.9. kl. 12.00 - Fitjavatnet Nordviksæter-stemme

### frå kyrkjeboka



#### Døde

15.

Harald Lekve

## Til minne om Ståle T. Storaas

Ståle Trygve Storaas budde i Samnanger frå 1971 til 1977 og mange samningar kjenner han frå grunnskule, ungdomsarbeid og musikklagsarbeid her i bygda.

Etter vidaregåande i Øystese og jobb som "eittåring" i Laget, utdanna Ståle seg som prest. Han jobba som feltprest i Vardø, vikarprest i Sunnhordland og kyrkjelydsprest på Fitjar før han reiste ut for NMS til teneste mellom Gumuz-folket i Blånildalen i Etiopia i 1996. Her var han i 4 år, og jobba også etter heimkomsten som teolog og prest og sist som leiar av barne- og ungdomsarbeidet i NMS Bjørgvin.

Dei siste åra Ståle levde, strevde han mykje med seg sjølv og gjekk etter kvart inn i ein alvorleg depresjon. Han hadde mange gode vener og hjelparar, men det var ikkje nok. Ein tidleg morgon sette han seg i bilen og køyrde utfor ein kaikant i Bergen. Han vart henta opp av dykkarar, men vart 3 dagar seinare erklært død



på sjukehuset.

Familien seier: " Dette er uforståeleg. Men me held fast på det han sa etter å ha vore på besøk i Norheimsund hjå foreldra sine denne siste våren 2003: "Mor du behøver ikke være redd for at eg skal gjøre meg noe, for eg er så

glad i å leve". Til trøst er også orda i Romarbrevet 14,8 "... anten vi då lever eller døy, høyrer vi Herren til."

Mange kjende Ståle som venn, sjelesørgjar, turkamerat, prest, konfirmantleiar, misjonær, fløytespelar, spilloppmakar, forkyn-

nar og mykje meir! Og mange har seinare gjeve uttrykk for at han rørde dei på ein særskild måte.

Ståle etterlet seg manuskript frå mange av talene han heldt ved gudstenester, andaktar og bibeltimar. Når det no er ti år sidan han gjekk bort, har familien samla nokre av desse tekstane i ei bok kalla "Grenseløst Kristusfellesskap." Talene ber preg av ei klår Kristusforkynning med ein sterk bodskap. - Ved å gje ut eit utval av desse talene ynskjer me å minnast Ståle, og noko av det finaste han stod for, seier familien i føreordet til boka.

Bøkene vil verta lagt ut i kyrkjene våre, for alle som ynskjer ei slik. Dei kostar ingen ting, men det er høve til å gje ei gåve til NMS sitt arbeid mellom gumuzfolket i Etiopia, på ein giro som ligg ved.

B.H

(All info i denne teksten er henta frå føreordet til boka.)

## Nytt frå soknerådet

### Soknerådet på nett

Soknerådet sine møte er offentlege, og kven som vil kan møta opp som tilhøyrar der. Innkalling og møtepapir har tidlegare vore lagt ut på kyrkjekontoret, men no har me laga til ein stad på heimesidene våre som heiter "Sokneråd / kyrkjestyre". Der kan du lesa om oppgåvene til sokneråd og kyrkjestyre, kven som er medle-

mer i rådet og under "rådsarbeid" ligg møtepapira for rådet.

På møtet i april var rekneskapan og årsmeldinga handsama, så om du har lyst å sjå dei, kan du altså gå inn og finna dei der. Elles vil trykt utgåve av desse, verta lagt ut i kyrkja på Haga.

Adressa til heimesidene våre kan du sjå nedst på sida.

### Diakoniplan

Diakoninemnda har arbeidd med å laga til ein diakoniplan for Samnanger, og på sist soknerådsmøte vart denne vedteken av soknerådet. (Denne kan sjåast på heimesidene under møtebok frå april møtet.) Planen femner vidt og har tiltak innanfor ulike område. t.d. bønsteneste, besøksteneste, møte mellom unge og eldre på

aldersheimen, flyktningeforum, samlingar for funksjonshemma, fest for 50-årskonfirmantane, skyssteneste, kyrkjekaffi og "grøn kyrkjelyd". Den aktive diakoninemnda står for ein del av tiltaka sjølv, men både kyrkjestaben, soknerådet og andre frivillige er inne på ein del av tiltaka. Dei fleste av dei er alt i funksjon.

## BØNERINGEN er her for deg



Står noko på, så ring Audun Aase på tlf. 41 52 19 05

Vil du vera med i bøneringen, ring det same nummeret.